



Reidar Sigbjørn Steindal
ØVRE SOLTVEIT 27
5939 Sletta

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1910 - 22/19242

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
08.03.2022

Innvilga konsesjon for overtaking av del av eigedom - gbnr 414/21 Soltveit

Administrativt vedtak: Saknr: 250/22

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i konsesjonslova § 2,9 og 11 Reidar Sigbjørn og Svanhild Steindal konsesjon for overtaking av del av gbnr 414/21 Soltveit som er godkjent arealoverført til gbnr 414/25 i jordlovssak nr 1188/21. Arealet skal overførast til gbnr 414/22 og 37.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga

Kopi av vedtaket vert oversendt avdeling for kart- og oppmåling for registrering i matrikkelen

Saka gjeld

Ekteparet Reidar Sigbjørn og Svanhild Steindal søker konsesjon for overtaking av den delen som er godkjent arealoverført frå gbnr. 414/21. Dei eig frå før gbnr 414/22 og 37. Den avtala kjøpesummen er på kr. 90 000.

Det vart i sak 1188/21 gitt løyve til deling etter jordlova for arealoverføring av landbruksareal frå gbnr 414/21 Soltveit og til gbnr 414/22 og 37

Arealet er ein frittiliggande teig som ligg inntil det fulldyrka arealet på som søker eig frå før. Tidlegare eigar er Håkon Gunnarson Thunes m/fullmakt.

Arealet består i følge gardskart NIBIO av 4,3 daa fulldyrka dyrka jord og 2,2 d innmarksbeite. Arealet er ubebygd.

Saka vert handsama og avgjort etter delegert mynde frå rådmannen. Konsesjon skal gjevast med mindre det er sakleg grunn til å avslå.

VURDERING:

Søknaden er vurdert i høve til konsesjonslova og rundskriv M 1-2021 Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks- og matdepartementet

Konsesjonslova § 1 har som føremål å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om produksjonsareala i landbruket og slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet, mellom anna for å tilgodesjå landbruksnæringa, ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling når det gjeld fast eigedom, og omsynet til busetjinga.

Etter konsesjonslova § 9 skal det ved avgjersle av søknad om konsesjon for overtaking av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål, leggast særleg vekt på fylgjande punkt til fordel for søkjar:

1. om den avtala prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling

Det går fram av rundskriv M1/2021 frå Landbruks- og matdepartementet at det skal gjerast priskontroll på ubebygde landbruksareal. Denne eigedomen fell inn under dette.

Kommunen har vurdert prisen i tråd med rundskriv M-3/2002. Jord og skogareal vert verdsett etter produksjonsegenskapar dvs. bruksverdi/avkastingsverdi. Det betyr at det vert rekna ut kor mykje for som kan produserast pr. daa minus kostnader til gjødsel, såfrø, sprøyting, maskiner, reiskap m.m. Då kjem ein fram til ei nettoavkastning som vert kapitalisert. Verdien vil vera avhengig av tilstand på jorda, trong for grøfting, arrondering, tilkomst, helling, jorddjupne m.m.

Prisen er i øvre sjikt av det som ligg innanfor retningslinene, men det er lagt vekt på at dei driftsmessige fordelane ein oppnår er så store at prisen kan akseptrast.

2. om overtakars føremål vil ivareta omsynet til busetjing i området

Eigedomen er konsesjonspliktig fordi den er over 2 daa og ubygd. Arealet skal arealoverførast til gbnr 414/22 og 37. Søkjarane bur på dette bruket. Å styrke ressursgrunnlaget på landbrukseigedomar i aktiv drift, vil også vere ein måte å tilgodesjå omsynet til busetjinga i området, ved at driftstilhøva blir betra. Det kan bidra til at det vert meir interessant for den eller dei som bur på eigedomen å bli verande der. Søknaden vil soleis bidra til busetjinga i området.

3. om overtakinga medfører ei driftsmessig god løysing

Arealet har felles grense til bruket som det skal leggjast og det ligg godt til rette for å driva dette saman med gbnr 414/22 og 37. Overdraginga vil bidra til å oppfylla landbrukspolitiske mål om å byggja opp større einingar. Rådmannen vurderer at overtakinga vil gje ei driftsmessig god løysing.

4. om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen.

Søkjar har drive gard sidan 1996 og har lang erfaring som bonde. Rådmannen vurderer han som skikka til å drive eigedomen.

Frå 01. juli 2009 er det innført generell og varig driveplikt for jordbruksareal. Driveplikt er ei personleg og varig plikt som ikkje er knytt opp mot erverv av eigedom. Nye eigarar må innan eitt år ta stilling til om dei vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet.

5. Omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet

Ressursane skal disponerast på ein slik måte at produksjonsevne og utnyttingsevne vert teke vare på. Søkjar gjev inntrykk av å ha både interesse og kunnskap til å ivareta både produksjonsevna og kulturlandskapet på bruket. Rådmannen vurderer at overtaking vil ivareta omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering vert konsesjon innvilga som omsøkt.

Regelverk

- Konsesjonslova
- Rundskriv M-1/2021 Konsesjon, priskontroll og boplikt

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/1910»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta
Tenesteleiar

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Reidar Sigbjørn Steindal
Svanhild Steindal

ØVRE SOLTVEIT 27
ØVRE SOLTVEIT 27

5939 Sletta
5939 Sletta

